

5553988



og Fiskarlagets Servicekontor as, avd. Vest

Bergen, 26.10.07

Vår ref. d.858/07/BSI/5.0

Norges Fiskarlag
Pir-senteret
7462 Trondheim

TELEFAKS

330

2007/14133 7

HØRING OM PROBLEMSTILLINGER OG PRINSIPPER I REGULERING AV FISKET I 2008.

Viser til dykkar brev av 08.10.07 om ovannemnde sak. Frist 26.10.07.

Styret i Fiskarlaget Vest handsama ovannemnde som sak 70/07 på sitt telefonstyremøte 25.10.07, og fatta følgjande vedtak:

”Styret i Fiskarlaget Vest tek til etterretning at Regjeringa og Fiskeridirektoratet går inn for å auke lengdegrensa i den minste flåtegruppa til 11 meter i regulerings-/struktursamanheng.

Styret innser at denne avgjerda ikkje vil bli endra og vil derfor ta sine vurderingar ut frå dette.

Uansett kva standpunkt ein tar i denne saka vil det bli nokon som vil kome dårlegare ut i høve til slik det var tidlegare.

Styret i Fiskarlaget Vest har følgjande merknader til Fiskeridirektøren sine forslag:

- 1. Finnmarksmodellen videreføres i lukket gruppe i fisket etter torsk, hyse og sei i 2008 med dei foreslåtte reguleringsgrupper.**

Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til forslaget frå Fiskeridirektøren med ei inndeling i 4 grupper; 0-10,9, 11-14,9, 15-20,9, 21-.

Postadresse:
Postboks 4091, Dreggen
N-5835 BERGEN

Kontoradresse:
Slottsgt. 3
5003 BERGEN

Telefon: 55 55 39 80 Bankkto: 6511.05.05331
Telefax: 55 55 39 88 Org.nr: NO 938 613 109
e-mail: vest@fiskarlaget.no Org.nr: NO 984 152 094 MVA



5553988



side 2

2. **Fisket etter makrell med not reguleres i to grupper over og under 13 meter faktisk lengde.**

Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til forslaget frå Fiskeridirektøren.

3. **Gruppekvoten beregnes på grunnlag av sum kvotefaktorer i hver gruppe ved årskifte 2007/2008. Det foreslås ikkje flytting av kvantum utover det om følger av den nye reguleringsgruppeinndelingen.**

Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til forslaget frå Fiskeridirektøren.

4. **Strukturgevinsten som følge av kondemnering i 2007 fordeles etter gruppeinndelingen en hadde ved inngangen til 2007. Hvordan skal dette gjøres i 2008.**

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at kondemneringsordninga bør gjelde for heile 2008, og at gevinsten bør gå til den gruppa fartøyet blir regulert saman med.

Når det gjeld etter opphøring av kondemneringsordninga vil styret i Fiskarlaget Vest vise til følgjande styrevedtak i sak 55/07, "Predisering av årsmøtevedtak", pkt. b), ved fordeling av gevinsten:

"Kor stor prosentandel av frigjeve kvote ved strukturering i kystgruppa skal gjevast til den minste gruppa (11/13m.) i pelagisk sektor, jf. årsmøtevedtaket?"

Styret i Fiskarlaget Vest vil vise til at etter det som no er vedtatt vil den minste gruppa i pelagisk sektor (under 11/13 m.), ikkje ha mogelighet til å auke fangstgrunnlaget sitt.

Med bakgrunn i årsmøtevedtaket i Fiskarlaget Vest, sak 3, som følgjande:

"I tillegg meiner årsmøtet at ein del av det kvantum som vert frigjeve ved strukturering innan dei pelagiske fiskeria i kystflåten, vert tildelt den minste gruppa under 11/13 m, som ikkje har tilbod om strukturering."

meiner styret at strukturgevinsten må delast på heile kystflåten i pelagiske fiskeri."

5. **Trøndelagsfylkene betraktes som ett område med hensyn til kjøp og salg av fartøy med deltakeradgang i fisket etter torsk, hyse og sei i lukket gruppe og i strukturvoteordningen for disse fartøy.**

Styret i Fiskarlaget Vest har gjentatte gonger gått inn for at fylkesbindingen ved kjøp og sal av fartøy i torskesektoren må fjernast. Det same gjorde Landsmøtet i Norges Fiskarlag i 2005. Fiskarlaget Vest understreker nok ein gong at

55553988



side 3

fylkesbindinga må opphevast. Dersom styresmaktene likevel vel å oppretthalde ordninga sluttar Fiskarlaget Vest seg til Fiskeridirektøren sitt forslag.

6. Levendefanget torsk avregnes med 80 % i forhold til kvote. Kun levende fisk gir kvotebonus.

Styret i Fiskarlaget Vest går imot forslaget frå Fiskeridirektøren. Styret meiner bestemt at levendefangst av torsk må avreknast med 100% i forhold til kvote. Dersom Fiskeridirektøren sitt forslag vert gjennomført er dette ei favorisering av fiskarane i nord på bekostning av fiskarane i sør, særleg då om ein også tek distriktskvoteordninga med i vurderinga av denne saka.

7. Hvilket nivå bør agnkvotene ligge på for å gi tilstrekkelig stimulering til linefisket.

Styret i Fiskarlaget Vest vil her vise til årsmøtevedtaket i 2007 i sak 3, "Landsstyrets forslag til kvotefordelingar – ressursfordeling (kvoter) mellom flåtegrupper – høringsdokument – organisasjonsmessig behandling - ressursfordeling frå 2008", punkt. "3.4. Forskingskvotar, skulekvotar og agnkvotar":

"Årsmøtet viser til tidlegare vedtak der ein går i mot agnkvoteordninga."

Styret i Fiskarlaget Vest begrunnet dette mellom anna med at ein meiner at kvar fiskar har sine utgifter til bruk (line, garn osv), drivstoff m.m., og ein finn det urimeleg at andre fiskarar skal få redusert kvote på bakgrunn av at det skal setjast av eigen kvote til agn for linefiske.

Styret i Fiskarlaget Vest stiller seg spørjande, og kritisk, til at eit fiskeri med "ypperlig råstoff/stor etterspørsel" skal vere avhengig av å bli subsidiert av andre flåtegrupper.

Styret i Fiskarlaget Vest finn det uakseptabelt at fiskarar frå pelagisk sektor vert pålagd å fiske agn til lineflåten til ein svært låg pris, som direkte fører til økonomisk tap for alle fiskarane i pelagisk sektor. Dette då agnkvoten går til fråtrekk av norsk totalkvote før den vert fordelt mellom dei einskilde flåtegrupper.

Det må vera ei sjølvfølge at alle fiskarar uansett kva fiske dei driv sjølv må sørgje for at dei er utstyrt slik at dei kan utføre det fiske dei har rusta seg ut til, dette gjeld også agn.

55553988



side 4

8. **Det avsettes et kvantum på 5.000 tonn til dekning av bifangst av torsk etter 1. september i lukket gruppe og i open gruppe. Bifangstavgangen gjelder alle redskapsgrupper og bifangsten settes i utgangspunktet til 10%.**

Styret i Fiskarlaget Vest går imot forslaget om avsetning av 5000 tonn til dekning av bifangst. Det må vera opp til kvar einskild fiskar å disponere sin torskekvote slik at ein også dekker behovet for bifangst i andre fiskeri.

Ei bifangstordning som føreslått vil som nemnd i pkt.6, vere ei favorisering av fiskarane i nord kontra fiskarane i sør, også om ein i tillegg tek omsyn til m.a. distriktskvoteordninga.

9. **Det innføres kvotefleksibilitet på gruppenivå i fisket etter sei nord for 62°N ved at 10% av den enkelte gruppekvote kan overføres/ forskutteres ved årsskiftet 2008/2009.**

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at dette må kun vere ei prøveordning for åra som er nemnd i forslaget frå Fiskeridirektøren.

Ei ordning med kvoteoverføring inneheld mange prinsipielle problemstillingar og må utgreiast nærare før ein tek avgjerd om permanent ordning.

10. **Deltakelsen i åpne grupper reguleres:**

Alternativ 1: Nye fartøy som ikke har driftsgrunnlag i annet enn i åpne grupper må være under 11 m.

Alternativ 2: Videreføre dagens praksis hvor fartøy over 15 m må være tildelt en spesiell tillatelse eventuelt en deltakeradgang i lukket fiskerier for å si at de har tilstrekkelig driftsgrunnlag.

Styret i Fiskarlaget Vest går in for alternativ 2. Det vil seie at dagens praksis vert vidareført.

11. **Avsetning av kvotar av totalkvoten.**

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at agnkvotar, distriktskvotar, stimuleringskvotar, ungdomskvotar og avsetning til bifangst kvar for seg, og samla sett, klart er med på å disfavorisera fiskarane i vårt distrikt.

Kopi: Fiskeridirektøren."

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo

Kopi: Fiskeridirektøren

5553988

Sør-Norges Notfiskarlag

1

Bergen, 26. oktober 2007

Ref: BSI

Norges Fiskarlag
Pir-senteret
7462 Trondheim

TELEFAX**HØRING OM PROBLEMSTILLINGER OG PRINSIPPER I REGULERING AV FISKET I 2008.**

Viser til dykkar brev av 08.10.07 om ovannemnde sak. Frist 26.10.07.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag handsama ovannemnde som sak 23/07 på sitt telefonstyremøte 25.10.07, og fatta følgjande vedtak:

"Styret i Sør-Norges Notfiskarlag vil vise til fleire tidlegare vedtak i laget der me går imot og advarar mot å flytte strukturgrensa/reguleringsgrensa frå 10 til 11 m, då dette vil få store konsekvensar for dei som vert råka av denne endringa. Mange av fartøya her sør er stort sett rett under 10,67 m.

Vidare meiner ein at ei endring frå 10 til 11 m vil føre til mange problemstillingar som må utreiast nærare før ein tek ei endeleg avgjerd.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag har følgjande merknader til Fiskeridirektøren sine forslag:

- 1. Finnmarksmodellen videreføres i lukket gruppe i fisket etter torsk, hyse og sei i 2008 med dei foreslåtte reguleringsgrupper.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag sluttar seg til forslaget frå Fiskeridirektøren med ei inndeling i 4 grupper; 0-10,9, 11-14,9, 15-20,9, 21-.

- 2. Fisket etter makrell med not reguleres i to grupper over og under 13 meter faktisk lengde.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag sluttar seg til forslaget frå Fiskeridirektøren.

55553988

Sør-Norges Notfiskarlag

2

3. **Gruppeknoten beregnes på grunnlag av sum kvotefaktorer i hver gruppe ved årskifte 2007/2008. Det foreslås ikkje flytting av kvantum utover det som følger av den nye reguleringsgruppeinndelingen.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag sluttar seg til forslaget frå Fiskeridirektøren.

4. **Strukturgevinsten som følge av kondemnering i 2007 fordeles etter gruppeinndelingen en hadde ved inngangen til 2007. Hvordan skal dette gjøres i 2008.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag meiner at kondemneringsordninga bør gjelde utover juni 2008, og at gevinsten bør gå til den gruppa fartøyet blir regulert saman med.

Når det gjeld etter opphøring av kondemneringsordninga vil styret i Sør-Norges Notfiskarlag vise til følgjande styrevedtak i Fiskarlaget Vest i sak 55/07, "Presisering av årsmøtevedtak", pkt. b), ved fordeling av gevinsten:

"Kor stor prosentandel av frigjeve kvote ved strukturering i kystgruppa skal gjevast til den minste gruppa (11/13 m.) i pelagisk sektor, jf. årsmøtevedtaket?"

Styret i Fiskarlaget Vest vil vise til at etter det som no er vedtatt vil den minste gruppa i pelagisk sektor (under 11/13 m.), ikkje ha mogelighet til å auke fangstgrunnlaget sitt.

Med bakgrunn i årsmøtevedtaket i Fiskarlaget Vest, sak 3, som følgjande:

"I tillegg meiner årsmøtet at ein del av det kvantum som vert frigjeve ved strukturering innan dei pelagiske fiskeria i kystflåten, vert tildelt den minste gruppa under 11/13 m, som ikkje har tilbod om strukturering."

meiner styret at strukturgevinsten må delast på heile kystflåten i pelagiske fiskeri."

5. **Trøndelagsfylkene betraktes som ett område med hensyn til kjøp og salg av fartøy med deltakeradgang i fisket etter torsk, hyse og sei i lukket gruppe og i strukturvoteordningen for disse fartøy.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag har gjentatte gongar gått inn for at fylkesbindingen ved kjøp og sal av fartøy i torskesektoren må fjernast. Det same gjorde Landsmøtet i Norges Fiskarlag i 2005. Styret i Sør-Norges Notfiskarlag understreker nok ein gong at fylkesbindinga må opphevast. Dersom styresmaktene likevel vel å oppretthalde ordninga sluttar styret i Sør-Norges Notfiskarlag seg til Fiskeridirektøren sitt forslag.

55553988

6. Levendefanget torsk avregnes med 80% i forhold til kvote. Kun levende fisk gir kvotebonus.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag går imot forslaget frå Fiskeridirektøren. Styret meiner bestemt at levendefangst av torsk må avreknast med 100% i forhold til kvote.

Dersom Fiskeridirektøren sitt forslag vert gjennomført er dette ei favorisering av fiskarane i nord på bekostning av fiskarane i sør, særleg då om ein også tek distriktskvoteordninga med i vurderinga av denne saka.

7. Hvilket nivå bør agnkvotene ligge på for å gi tilstrekkelig stimulering til linefisket.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag er fortsatt imot agnkvotar og sluttar seg til følgjande uttale frå Fiskarlaget Vest:

"Styret i Fiskarlaget Vest vil her vise til årsmøtevedtaket i 2007 i sak 3, "Landsstyrets forslag til kvotefordelinger – ressursfordeling (kvoter) mellom flåtegrupper – høringsdokument – organisasjonsmessig behandling - ressursfordeling frå 2008", punkt. "3.4. Forskingskvotar, skulekvotar og agnkvotar":

"Årsmøtet viser til tidlegare vedtak der ein går i mot agnkvoteordninga."

Styret i Fiskarlaget Vest begrunner dette mellom anna med at ein meiner at kvar fiskar har sine utgifter til bruk (line, garn osv), drivstoff m.m., og ein finn det urimeleg at andre fiskarar skal få redusert kvote på bakgrunn av at det skal setjast av eigen kvote til agn for linefiske.

Styret i Fiskarlaget Vest stiller seg spørjande, og kritisk, til at eit fiskeri med "ypperlig råstoff/stor etterspørsel" skal vere avhengig av å bli subsidiert av andre flåtegrupper.

Styret i Fiskarlaget Vest finn det uakseptabelt at fiskarar frå pelagisk sektor vert pålagd å fiske agn til lineflåten til ein svært låg pris, som direkte fører til økonomisk tap for alle fiskarane i pelagisk sektor. Dette då agnkvoten går til fråtrekk av norsk totalkvote før den vert fordelt mellom dei einskilde flåtegrupper.

Det må vera ei sjølvfølge at alle fiskarar uansett kva fiske dei driv sjølv må sørge for at dei er utstyrt slik at dei kan utføre det fiske dei har rusta seg ut til, dette gjeld også agn."

55553988

8. **Det avsettes et kvantum på 5.000 tonn til dekning av bifangst av torsk etter 1. september i lukket gruppe og i open gruppe. Bifangstgangen gjelder alle redskapsgrupper og bifangsten settes i utgangspunktet til 10%.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag går imot forslaget om avsetning av 5000 tonn til dekning av bifangst. Det må vera opp til kvar einskild fiskar å disponere sin torskekvote slik at ein også dekker behovet for bifangst i andre fiskeri. Ei bifangstordning som føreslått vil som nemnd i pkt.6, vere ei favorisering av fiskarane i nord kontra fiskarane i sør, også om ein i tillegg tek omsyn til m.a. distriktskvoteordninga.

9. **Det innføres kvotefleksibilitet på gruppenivå i fisket etter sei nord for 62°N ved at 10% av den enkelte gruppekvote kan overføres/ forskutteres ved årsskiftet 2008/2009.**

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag meiner at dette må kun vere ei prøveordning for åra som er nemnd i forslaget frå Fiskeridirektøren. Ei ordning med kvoteoverføring inneheld mange prinsipielle problemstillingar og må utgreiast nærare før ein tek avgjerd om permanent ordning.

10. **Deltakelsen i åpne grupper reguleres:**

Alternativ 1: Nye fartøy som ikke har driftsgrunnlag i annet enn i åpne grupper må være under 11 m.

Alternativ 2: Videreføre dagens praksis hvor fartøy over 15 m må være tildelt en spesiell tillatelse eventuelt en deltakeradgang i lukket fiskerier for å si at de har tilstrekkelig driftsgrunnlag.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag kan ikkje heilt sjå kva koblinga er mellom "tilstrekkelig driftsgrunnlag", i punkt 2, og "deltakelsen i åpne grupper reguleres:". Det er mange ulike moment, i kvart enkelt tilfelle, som avgjer kva som er tilstykkeleg driftsgrunnlag.

Den øvre grensa blei sett til 15 m, for kort tid sidan for nye fartøy. Dei fartøya, over 15 m, som allereie var i gruppa fekk då redusert sin kvote monaleg. Om grensa no blir sett ned til 11 m vil kvoten kanskje bli redusert igjen. Styret i Sør-Norges Notfiskarlag meiner at desse fartøya, som har deltatt over lengre tid i maksimalkvotefiske i gruppe II, no open gruppe, og som fortsatt er aktive, bør vurderast å gjevast opprykk til lukka gruppe, som kompensasjon, om det blir opna for nye fartøy i lukka gruppe.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag meiner at så lenge ein er kystbåt må ein kunne delta i opne fiskeri i kystgruppa, uavhengig av storleik.

55553988

Sør-Norges Notfiskarlag

5

11. Avsetning av kvotar av totalkvoten.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag meiner at agnkvotar, distriktskvotar, stimuleringskvotar, ungdomskvotar og avsetning til bifangst kvar for seg, og samla sett, klart er med på å disfavorisera fiskarane i vårt distrikt.

Kopi: Fiskeridirektøren.”

Med helsing
Sør-Norges Notfiskarlag

Britt S. Instebo

Britt Sæle Instebo

Kopi: Fiskeridirektøren

55553988

Sør-Norges Notfiskarlag

1

Bergen, 26. oktober 2007

Ref: BSI/nødbluss.07

Norges Fiskarlag
Pir-senteret
7462 Trondheim

TELEFAX

BRUK AV NØDBLUSS I FISKE.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag handsama ovannemnde som sak 25/07 på sitt telefonstyremøte 25.10.07, og fatta følgjande vedtak:

"Styret i Sør-Norges Notfiskarlag vil bemerke til oppslaget i fiskeriavisene, tidlegare i denne veka, der det blir uttalt frå Kontrollverket i Fiskeridirektoratet at "det er forbode å fiske med nødbluss".

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag meiner at ein kan ikkje sidestille bruk av nødbluss med bruk av lysbåt e.l., for så langt ein kjenner til har det ikkje vore vanleg å fiske med nødbluss, men ein har slept ned nødbluss i opninga på nota for å hindre at fisken går ut att, medan ein snurpar att nota.

Styret i Sør-Norges Notfiskarlag kan ikkje sjå at dette skal vere ulovleg, og ein ber Norges Fiskarlag følgje opp saka."

Med helsing
Sør-Norges Notfiskarlag

Britt S. Instebo
Britt Sæle Instebo

Kopi: Fiskeridirektoratet

Postadresse: Postboks 4091, Dreggen 5835 Bergen	Kontoradresse: Slottsgt. 3 5003 Bergen	Telefon: 55 55 39 80 Telefax: 55 55 39 88 e-mail: vest@fiskarlaget.no	Bankkto: 6511.09.55795 Org.nr.: NO 976 758 307
---	--	---	---